

1958

EIT MERKEÅR I LESTOHISTORIA

- Slutten på tradisjonell gardsdrift på Lesto
- Starten på kort og hektisk epoke som paktar i Prestegarden

LEIF LESTO
1997

1958 Eit merkeår i Lestohistoria.

Livsmønsteret og arbeidet på Ytre-Lesto heldt seg stort sett uendra til eg var i 15-årsalderen, fram til 1958.

Men allereie i fleire år hadde far måtte skaffe naudsynt økonomisk tilskot til hushaldet ved å ta ulikt arbeid. Han jobba på veganlegget Eide - Berstad tidleg i 50-åra. Han var sildesjauar på budene i Vågsvåg fleire vintrar i dei store sildeåra. Eit år var han lærar på Eide skule for elevane frå Lesto-Eide-Berstad. I desse periodane var det mor, Besten og Besta som førestod det daglege arbeidet på garden - med ei viss hjelp frå oss borna som voks til år for år.

Far foretok fleire påkostnader som forbetra arbeidsforholda på garden: Han grov ut potetkjellar under kjøkenet - eit krevande arbeid som vart gjort for hand. Han bygde betongsilo, og moderniserte kufjøsen. Det vart kjøpt «Allan Oxford» motorslåmaskin med 90 cm kniv, - totaktsmotoren sota forferdeleg. Besten kjøpte snøspade av aluminium, og ryggsekk, men den store utviklinga hadde ikkje nådd Lesto endå.

I 1957 var eg ferdig med 7-årig folkeskule, og gjekk framhaldsskulen om hausten. Nils Hammersland var lærar for klassen på 18 -19 elevar i skulekjellaren i Hove skule. Han halta på eine foten etter eit polioangrep, og køyrde Wartbourg personbil med putrande totaktsmotor.

Elevane kom frå Hove krins, Eide, Moldestad, Hoddevik og Fure. For dei av oss som kom frå Eide krins var det eit kultursjokk å møte dei tøffe karane Kåre og Kjell mfl., og dei freidige jentene. Truleg hadde elevane frå dei andre skulekrinsane liknande opplevingar.

Elevane frå Eide skule var kjende for å vere snille, flinke gutar og jenter som gjorde leksene sine og respekterte læraren. Oskar Hjelle og Alfred Vengen som hadde vore lærarar på Eide, budde begge på Nabben og var stolte av mønsterelevane sine frå Eide.

Våre kvalifikasjonar viste seg likevel ikkje utan vidare å gje innpass i det nye urbane miljø. Men fagleg konkurrerte vi med dei beste. Etter skuletid var det skuleskyss heimatt.

Framhaldskuleelevane vart konfirmerte om hausten den gongen. Vi var fire elevar som var for unge til å verta konfirmerte saman med dei andre. Vi var fødde seint på året og måtte vente til neste år. Det var Randi Vengen, Elin Urtegård, Arnhild Berstad og eg. Vi fekk fri skulen på føremiddagen når dei andre skulle lese for presten.

På nyåret 58 var det framhaldskule-sløyd i bankkjellaren. Der vart det nye utfordringar med sløydlærar Reidar Undertun. Det eg hugsar best var hans utrulege spenst og mjuke kropp. Han kunne stå på ein krakk, bøye seg med strake bein og sette fingertuppene i golvet. Eg stakkar med rett rygg, trong ingen krakk, fingertuppene nådde berre til midt på leggen uansett. Vidare tok han klassen med for å sløkkje brannen som ungar hadde sett på i Kyrkjehornet. Ganske tøft.

Eg laga salongbordet av almetre frå Lesto, og skrivepult den våren.

1958 vart for meg eit historisk år:

-året då barndomen på Lesto tok slutt - og mi verd vart større.

-eg vart konfirmert og skjekta med jentene.

-far overtok som forpaktar av Selje Prestegard.

Far overtok som forpaktar av Selje Prestegard etter Samuel Taklo som gjekk over til fiskeri. Det medførde meir arbeid og plikter for alle, men det vart ei spennande ungdomstid. Familieøkonomien betra seg.

Det var etter måten ei dramatisk avgjerd far tok. Han var 50 år og ville starte opp med produksjon av grønsaker i stor stil, og drive med melk- og eggproduksjon. Med sin brysame rygg og kroniske mage var det modig å gå i gang med slike arbeidskrevande produksjonar.

Far hadde tidleg sett at det ville bli trongt for familien med inntektene frå gardsdrifta på Lesto åleine. No såg han for seg regelrett å kunne «dyrke» si store interesse på den beste grønsakjord i kommunen, og med det også sikre familieøkonomien i eit veksande marked i Selje sentrum. Han hadde gått landbruksskule på Mindresunde. Grønsakdyrking var av hans største interesser. Mor og far hadde nok drøfta planene lenge på førehand sidan mor gav grønt lys utan merkande motforestillingar.

Den tradisjonelle gardsdrifta på Lesto tok slutt i 1958.

Besten - han Gamle-Ola som var blitt 78 år og svaksynt, tok det tungt. Han kunne lite utrette åleine lenger, og hadde god tid for tankane sine. Han såg mot slutten av ein historisk epoke på StoreLesto der han sjølv skulle bli den siste aktør. Han og forfedre før han hadde svetta og slite i Lesto-bakkane for å sikre seinare slekter livsgrunnlag og sjølvberging. Garden var opparbeidd med åkerland og slåttemark, med gode beitefelt for storfe og sau. No ville generasjonars slit verta utan verdi. Besten var nok bitter over at det vart hans eigen son som braut den gode utviklinga.

Verst for Besten vart alle dei stille dagar heime i tunet medan andre dreiv i Prestegarden. Besten atteleta med god grunn på alt viktig arbeid som ikkje vart gjort. Kva med veiting i bakkane vår og haust for å hindre vasskadar på eng og veg? Ville nokon lenger sjå til at bakkelada, torvhuset, og dei andre husa som ikkje lenger var til nytte, fekk sitt trengande vedlikehald? Sjølv makta han ikkje lenger slikt arbeid. Ikke eingong emner til rivehaud og tindar greidde han no åleine å hente i hus. Dei dyre og dårlege plastrivene ville aldri kunne erstatte den ekte treriva - - meinte heilt sikkert Besten i 1958.

Og det vart slutt på slåtten i Lestobakkane. Ikkje potetåker meir i Besten si tid. Husdyrhaldet avtok og vart flytta. Hesten vart overflødig. Godt brukande vogner, sledar, horver, plogar og ljå vart sette bort for godt.

Var det ein stor feil av far å ta ei avgjerd med slike konsekvensar?

Paktargarden.

Far overtok som forpaktar for Selje Prestegard 1.1.58, og dreiv garden nokre hektiske år. For fyrste gong måtte far låne pengar. Han kjøpte eksisterande buskap og diverse driftsutstyr av Samuel Taklo. Kveld og morgon fyrste vinteren sykla far til og frå og gjorde fjøsstellet i Prestefjøsen.

Ein gong på glattisen gjekk det gale ned Prestebakken, då han kollsykla med tome melkespann og sil på sykkelen. I mørke kvelden før gatelysa, og på den krokute vegen, med rop og forferdeleg skramling, skremde han livet av han “Lauris i Bakkå” som kom i eigne tankar oppover. Lauritz Dybedal var kjend for å vere mykje overtruisk, og han fekk seg ein alvårleg støkk. Far fekk ikkje skade. Etter oppflotet fortalde Lauritz til far at han med det same var sikker på at no var “Styggemannen” komen for å henta “Laurisen” ein gong for alle. Lauritz roa seg ned, men måtte leve vidare med si uro for det som måtte kome.

Det vart kjøpt tohjulstraktor denne våren. Det var spesielt tre traktor-merker som var aktuelle: Moto Standard, Agria og AEBI. August Hamre (“Gusten”) var representant for Moto Standard og framheva sterkt alle fordeler. Den hadde totaktsmotor og to sett gummihjul, store og små. Det var fleire som hadde kjøpt dette merket i distriktet. Paul Grytting hadde einaste Agria-traktoren. Den gjekk fort på veg og hadde firtaktsmotor som gjekk veldig fint. Peder Berstad hadde kjøpt AEBI AM 53.

Peder datt slettes ikkje i mellom når han argumenterte for sin maskin. Han dreiv med leigeslått i bygda siste åra, og hadde fått synt fram traktoren. Største fordelen var differensialen som gjorde den lett å manøvrere under slått og køyring. Far valde AEBI-en og angra ikkje på det.

Slåmaskin, frontrive og rad-renskautstyr vart kjøpt. Vogn vart laga på “Slippen” av Knut Aardal. Hjula vart tekne frå “Splintebilen” som var attslept ved “dammen innpå Slettå”. (I flata før Slagarura, på den gamle vegen som var då). Vognkasse og høyvogn laga far sjølv. Etter at traktoren var klargjord for køyring, vart den fast transportmiddel til og frå Lesto / Nabben. Med presenning over grinda var det lunt og godt å vere passasjer på vogna med utsikt bakover. Transportfart heile 15-18 km/t.

Eg vart ferdig på framhaldsskule-sløyden, og var då med for fullt i gardsarbeidet.

Prestemarka vart pløgd opp til åker - femten mål. Største åker i kommuna. Truleg det beste åkerland i Søre Selje. Åkrane strakk seg nesten frå dei store parktrea og til Gamleheimen.

Då framskaffa jorda mat til mange, og levebrød for ei arbeidsam familie.

No er areala nedbygde. Jorda ligg under betong og tak, og mange har sitt daglege arbeid på Selje Hotel og Selje Sjukeheim.

Far leigde “Morseten” (John-Dahl Morseth) med firhjulstraktor til jordarbeidet. Han var ein godsleg og original person med bergensdialekt, og hadde vore på Russefronten under krigen. No gift med gardajenta Marie nord i Sandvika, Han vart ein gong spurd om han hadde melkemaskin, og svara slik: “Jo jeg har en førsteklases melkemaskin, og hun heter Marie”. Han fortalde mange gode historier. Traktoren reparerte han med bukseselane sine når den skrangla som verst. Han var nær ved å køyre utfor Prestereina - han såg bakover under pløying og sansa seg i siste liten - forhjula var alt komne utfor kanten mot Prestesanden.

Prestekummen var full av kugjødssel som måtte ut. Morseten køyrde med gjødselspreiar, og vi var ein flokk gutar saman med far som leste opp med greip. I ventetida sat Morseten i vegkanten og veksla ord med dei som kom forbi. Kummen låg like inn til vegen ved Prestegarden, og alle som skulle på Nabben måtte passere her. Blaut kumøk etter vegen i dagevis var lite populert for fine fruer som skulle handle. Men Morseten likte seg og kommenterte lystig spydige utsagn som kom. Over Prestekummen var utedoet til paktarbustaden. Det var ein stor tosetar, og ein liten enkeltsetar for ungene. Under rafta hadde Knut og Magne Taklo gøynt “Coctail”. Doveien gjekk frå Paktarhuset og tvers over riksveien. Særleg anonymt kunne ein ikkje utføre sitt ærend med dodøra vendt rett mot vegen.

Familien til Samuel Taklo hadde avtale om å bu i Paktarhuset fram til dei fekk bygd eige hus utanfor kyrkja. For nokre år sidan hadde minsteguten Malvin drukna i ein brunn ovanfor Paktarlada. Brunnen var no sikra. Samuel og Johanne Taklo hadde no borna Knut, Petra, Magne, Målfrid, og til sist Solveig. Far disponerte kjellaren og eit rom på loftet. Om kveldane selde far melk i “lausvekt” til familieane rundt om. Melkespannet sto til kjøling i rennande vatn i kjellaren. Melkekundane kom med sine spann, og den av oss som hadde “vakt” ausa opp med justert litermål. Eit sosialt treffpunkt i den rå Paktarkjellaren. Der kom eg i kontakt med dei andre ungdomane i Seljebygda. “Paktarskjulet”- opninga under betongtrappa inn til kjellardøra, fortsatte å vere ein møtestad for ungdomane omkring sentrum.

Paktarhuset vart seinare -ca. 1965 - kjøpt av lærar Jørgen Kvalheim. Han fekk det flytta heilt til den nye tomte ca. 400-500 meter lenger ute på kyrkjevegen. Huset vart lyfta av muren og drege på høgtbygde tresliskar tvers over veg og eng. Paktarhuset ruva uverkeleg i landskapet etter som det flytta seg utetter. Fagerliden frå Raudeberg brukte lang tid, og mange meinte det måtte koste Kvalheimen meir enn det smaka.

For å få rett gjødsling til ulike grønsaksortar, blanda far kunstgjødselen sjølv av fleire sortar som var i handelen. Eg hugsar at tilsetning av “BOR” var viktig. Såing av gulrot og kålrot vart gjort direkte på føra med nyinnkjøpt “såstav”. Såinga gjekk raskare, og frøet vart dosert betre enn ved handsåing. Dette letta tynnings- arbeidet seinare.

Far hadde lett for å omgåast folk. Av mange vart han oppfatta som fagmann på sitt felt. Fru Løken sine bærtre skar han kvar vår, og mange spurde om råd for eitt og hitt. Fru Hjelle høyrde om at han blanda kunstgjødsel til grønsakene, og ynskte å kjøpe litt til eigen åker. Far henta gjødsel i eit 5 l. pølsespann. På dørstokken hjå Hjelle glapp taket i spannkanten. Spannet datt forkjært og all gjødsel pruta inn over golvet i gangen - akkurat då han Oskar Hjelle - uvitande om opplegget - opna stovedøra. Far sa som sant var at han kom med gjødsel som var bestilt. Han var mykje brydd der han stod, til fru Hjelle dukka opp, og situasjonen avklara seg.

Fru Løken var blitt gamal og tunghøyr. Men akkurat det opptok nok andre meir enn henne sjølv. Ein dag skulle fru Hjelle eit ærend bort om fru Løken. Ho pikka fleire gonger på døra men fekk ikkje svar. Til slutt gav ho opp og gjekk. På vegen møtte ho far og kommenterte opplevinga om lag slik: “No har det blitt skikkeleg dårleg med fru Løken ska eg seie deg, no reagerer ho ikkje lenger på pikk heller!”.

Kålfrøet sådde far i drivbenkar heime på Slaktarvollen. Seinare vart småplantane “prikla” enkeltvis i små torvpotter og planta i åkeren når tida var komen. Den sandholdige åkerjorda var velegna til grønsakproduksjon. Men det vart større plager med “kveka” enn far hadd trudd. Åkeren måtte behandlast kvar vår med spesialgift. “TCA kvekedreper”. Frøgraset i gulrotåkeren vart drepe med ugrasolje, og mykje anna gift vart brukt mot fluger og makk som angreip grønsakene. På den tid brukte vi både DDT og andre gifter som no er forbodne p.g.a. helseføre.

Asbjørn Hamre hadde kjøpt potet-settemaskin til traktoren sin. Far leigde han til potetsettinga. To mann sat bakpå og mata ned

settepotetene kvar gang det sa “klikk”. Raskt og enkelt, men resultatet vart ikkje så godt. Truleg køyrde Asbjørn for fort, eller så burde settarane hatt meir trening. Når potetene spira måtte det ettersettast poteter både her og der for å fylle åkeren. Det vart med maskinsetting for dette eine året.

Tynningsarbeidet i gulrotåkeren og ugrasrydding var fast arbeid utover sesongen. Truleg var vi Lesto-gutane trottige og utholdande, for “skogafruene” undrast på kva han Lars Lesto gjorde for å få gutane sine til henge i heile dagane. Han Lars hadde godt lag med dei andre gutane og han. Både den eine og den andre tok akkordar i åkeren. Seinare - etter at far kjøpte moped, var ein mopedtur til kyrkja og innatt populær betaling pr. renska för. At mopedførane var alt for unge brydde heller ikkje lensmann Moldestad seg om, endå han dagleg sat ved kontorglaset i kjellaren like ved åkerkanten. Heller ikkje høyrde vi nokon gong kommentert at vi gutungane køyrde tohjulstraktoren ulovleg rundt om på offentleg veg.

Skjortefabrikken hadde si glanstid på denne tida, og feira 10 års-jubileum i 1958. 65 damer og 10 menn hadde fast arbeid der. Syjenter kom tilreisande og sette sitt positive preg på bygda. I dei fleste hus i Selje sentrum var det hybelutleige på loft og i kjellar. Fleire av jentene budde på Hattehuset. Hattehuset var hybelhus i tilknytning til Skjortefabrikken, og verka som ein magnet på gutane i bygda, og for konkurentar frå andre bygder. Sjølv om det var gjennomtrekk av arbeidarar på fabrikk, vart mange av jentene som kom til Selje att i distriktet for godt. Mykje kjærkome friskt blod vart tilført Seljeslekter denne perioden. Også dei fleste unge jenter frå Selje var innom Skjortefabrikken i kortare eller lengere periodar. For ein 15 - 16 års blyg gut frå “bygda” var dette ein spennande markeds plass. Særleg store sprell trur eg ikkje vart gjort frå mi side, men denne tida med mange nye opplevingar og erfaringar var ein viktig fase i livet mitt.

I middagspausen på fabrikk, og etter arbeid, gjekk fleire av jentene heim til hyblane. Då var det viktig å planlegge framdrifta i åkeren slik at arbeidet føregjekk nær vegen. Eit lite blick eller smil frå finaste tausar var sterke saker den tida.

I godversperiodar midtsumars voks ugraset mykje, men renskearbeidet gjekk gjerne tilsvarande på måfå. Pausane vart gjerne mange og lange i det høge graset på kanten over badestranda. Prima posisjon for å studere og nyte badande og solande jenter.

Heile Prestejorda skulle slåast i tillegg til Lesto-bøane. Det er klart at dette var travelt i tillegg til å holde orden i grønsakåkrane. Men heile familien deltok og det gjekk. Etter kvart vart den tidlege sumarkålen, blomkål, kålrot og gulrot klar, og nye oppgaver venta: Far hadde leveringsavtale med butikkane. Ferdig kapp tre material til grønsakkasser var innkjøpt og måtte spikrast på rette måten. Friske grønsaker vart levert butikkane i Selje og til fleire butikkar på Raudeberg, Måløy og på Stadt. Vi frakta varene til P.I.Hove på ekspedisjonen, og skreiv følgebrev i karteringsboka. Far hadde planlagt alt i tide og det gjekk greit. I tillegg fekk bygdafok kjøpe rimlege grønsaker frå åkeren og Paktarkjellaren. Det var ei hektisk tid med lange dagar. Kjærkomne inntekter for familien vart det og etter ein stor innsats. Personleg hadde eg ikkje løn etter dagens system, men fekk vel litt pengar langs med; hugsar ikkje så nøye.

Middagspausane tok vi på Paktarloftet. Vi hadde ikkje med mat frå Lesto, men kjøpte ferske brød frå bakeriet på Handelslaget og røykemakrell til pålegg, og kefirmelk. Far slappa av på divanen. Det vart lenge mellom kvar gong det vart rydda og vaska på rommet. Og der var til tider skræmmande rotete, og der stinka røykemakrell. Magne Taklo hadde trekkspel på rommet sitt. Dette fekk vi låne av og

til. **E**in dag midtsumars strødde far kunstgjødse i åkeren. Eit helikopter kom og kretsa over Nabben og gjekk inn for landing. Det virka som det ville lande i den flate åkeren. Slik oppfatta far det og reagerte momentant. Han gjorde som den modige mannen på “Den Himmelske Freds Plass” - med sin eigen kropp hindra han at helikopteret fekk lande i dei kjære grønsakene hans. Det virka ganske dramatisk der han forflytta seg under helikopteret som sveva lågt over åkeren. Han kom i ubalanse og måtte sleppe taket i hua si, som tok av og i stor hast forsvant i dei kraftige luftvirvlane. Han merka det knapt. Helikopteret var under landing på sanden for å etterfylle bensin. Far hadde overreagert. Helikopterbesøk var ein sensasjon då. Mange samla seg i vegkanten for å studere heilkopteret. Eg har i ettertid undra meg over at maskina kunne bruke standardbensin frå fata på Handelslaget.

Den eine dagen var gjerne mykje lik den andre, sumaren i gjennom, både for oss i åker og eng, som for dei som budde omkring. Vi arbeidde så nær vegen og husa under Skogen at det meste som skjedde der fekk vi med oss. Som han “Sammel i Loksneset” som budde på Gamleheimen.

Han var faste turar på Nabben med vogna si for å hente / bringe varer. Ein koseleg mann som hadde tid å prate. Så var det gamleklokkaren - Hilmar Ervik som trippa hastig til og frå. Lensmann Moldestad budde rett opp for åkeren som eg har nemnt. Ein dag “han Hjelle og fru Hjelle” stelte i hagen overhøyrde eg slutten av ein oppheta diskusjon som klart gjaldt han Sigbjørn - sonen. Han Hjelle konkluderte høglydt slik: “ --som har fått det lodd i livet å måtte dra opp ein gråstein!”. Om loddet den gangen kjendest tungt, vil mange i dag meine at han kom frå oppgåva på ein rimeleg bra måte.

Dei “mektige” fruene Laila Hove og Alma Thunold hadde eg stor respekt for. Dei var liksom på eit anna nivå. Likeeins klokkarfrua “fru Ervik”. Derimot var fru Løken, fru Hjelle og dei fleste andre hyggelege og imøtekomande.

Rundt 1960 hadde ikkje folk flest innlagdt bad og klosett heime på gardane. Soleis var det heller ikkje innlagt bad eller WC på Lesto. Vi vaska oss på gamlemåten. Derfor var det kjærkome å ha så nær tilgang til det kommunale badet som var etablert då Gamleheimen vart bygd få år tidlegare. Der kunne vi velge mellom dusj eller karbad. Laurdagane etter middag hadde karane badetid. Gamleheimskjellaren var kald og rå, men det var godt å få vaska ned ein svett kropp etter ei travel veke. Som regel dusja eg, men av og til vart det karbading. Jon Hamre (“KvieJonen”) var mellom dei faste laurdags- badarane. Han brukte alltid karbad, og brukte veldig lang tid. Betaling la vi att i skåla i gangen, og skreiv namnet i boka. Ingen kontroll med det.

Der parkområdet i Selje no ligg, var den gamle Prestehagen, og den kvite Bårdsstova midt i. Hagen låg vanstelt innanfor dei store trea. Mot vegkanten voks det ein uryddig hekk og fleire gamle kirsebærtre. På ettersommaren vart bæra modne, fine og freistande. Om bær-retten låg til prest eller paktar veit eg ikkje. Arne og eg var ein dag oppe i eit tre. Om det var vondt samvet eller annan grunn til av vi fort måtte ned - hugsar eg ikkje. Vi hoppa ned begge like kvikke, men buksebaken til Arne festa seg i ein kvist som var sterkast. Guten landa med brokaræva hangande høgt på kvisten. Eg trur einkvan på veg forbi såg det som hende. Forfærdeleg flaut for Arne som flykta i sikkerhet med lysande kvit underbukse.

Far hadde som nemnt eit godt lag med borna i nabolaget, og fekk fram det beste i mang ein trave. Eg vil tru at mange av desse i dag sit att med

positive minner frå desse åra. Han Stein Arve "Lillebror" Vasseng gjekk ofte saman med far i fjøs og lade. Ein dag skulle han hjelpe med å lempe ned høy til kyrne. Ned gjennom ei forluke i ladegolvvet skulle høyet stappast. "Lillebror" bar fanget fullt utan å sjå seg føre. Brått forsvant både guten og høyet gjennom golvet. Eit under at han ikkje for slo seg i fallet ned mellom betongvangane i forgangen. At det går an! Men han har gjort rare ting seinare og han Stein Arve.

Arne og eg skulle leide fløgkyr til okse hos Gusten. Alt gjekk som det skulle, og den dorske oksen vart førd innatt i fjøset. Då skapte kyra seg galen og tok av; rundt Gustenlada og inn over markene mot Hamrevatnet. Arne heldt trottigt fast sjølv etter att han snubla og datt i det våte graset. Om det var av krampe eller av ansvar er uvisst. Då kyra stoppa opp etterkvart hang Arne framleis på slep, gjennomvåt etter turen. Etterkvart kom vi oss nedatt i Prestefjøsen og fekk kyra og "kalven vår" i sikkerhet.

Mot hausten måtte alle grønsaker opptakast. Far hadde lange bestillingslister frå folk som skulle sikre vinterforsyning. 50 kg. kulrot, 50 kg. kålrot og ein sekk kálhaud var normalt for ein familie.

Prisane var omlag slik: Prima gulrot kr. 0,40 pr. kg. Kålrot kr. 0,30, og poteter kr. 0,20 pr. kg.

Kålrota mellomlagra vi på låvebrua. Store dungar - mange tonn trur eg. Gulrota måtte handterast forsiktig - som egg - sa far. Gulrota vart varsamt lagd i kasser og sortert i prima og ukurant. Store vanskapte gulrøter med bein og armar, og det som meir intimt var, stilte vi opp i vegkanten. Sjølve hadde vi i alle fall moro av enkelte sine reaksjonar som stoppa og såg på. Kålrota vog og pakka vi i papirsekker på låvebrua. Det var returordning for papirsekker den gongen, og vi kjøpte brukte tomsekker på Selje Handelslag. Far hadde lånt ei stor desimalvekt av Thorvald Rundereim, med lodd og det heile. Eg lærde meg å knyte halvstikk på sekkestrutane. Om kvelden lasta vi opp AEBI-en og skreiv køyreliste. Ola var lovleg sjåfør og frakta mange lass rundt i bygda. Lengste turen var inn i Moldefjorden. Det var montert lykter på traktoren så det var trygt å køyre.

Under opptakinga av kålrot leigde far fleire av gutane. Ein gong var han Olav og han Otto med. Kålrot skulle plukkast opp i traktorvogna og køyrast på låven. Ein køyrde traktoren på 1. gir, og to plukka - ein frå kvar side. Vi lagde ein regel om at "Sjomp" tydde stopp, og at "Gomp" tydde gå/køyr. Den som køyrde traktoren langs føra skulle kun lystre

desse komandorop. Han Otto var uheldig slik at foten kom under vognhjulet - **“STOPP - STOPP”** ropte Otto før han tenkte seg om. Traktoren fortsatte i sakt fart. **“SJOMP”** - vart kommandert - og traktorhjulet stoppa rett på fotbladet. Otto gaulte som galen. Situasjonen vart avklara og Otto berga foten. Kommandoropa vart endra.

Far hadde så lenge eg hugsar hatt plager med rygg og mage. I periodar desse åra var han så plaga at han ikkje kunne delta i arbeidet. Då måtte vi andre trå ekstra til. Det var egentleg modig gjort å ta til med slikt arbeid vel vitande om helsetilstanden. Kan hende kjende han det slik at “nøda” dreiv??

Desse åra var han medlem av kommune- eller skulestyret. I middagspausen kvilde han på divanen på paktarloftet. Ein slik dag han kvilde hadde han lege forkjært med høgrehanda. Den var livlaus då han vakna til, og den kom ikkje attende som vanleg er når handa “søv”. Han var plaga med dette i vekesvis før handa vart brukande igjen.

I slåtten eit år - på bøen ned for Gamleheimen hesja vi lange hesjar. Frontriva var effektiv til å føre gras til hesa, og til å finrake med. Eg trur det var Ola som var uheldig traktorfører. Mor gjekk å raka langs vegen og Ola kjem etter med traktoren. Det gjekk ikkje betre enn at ytre tinden på traktorrriva traff i foten til mor, og stakk eit stygt sår. Det var litt dramatisk.

Det hende også at vi måtte rykke ut frå Lesto søndagskveldar når veret var utrygt, for å berge høyr i hus. Flest mogleg arbeidsføre Lestoar sette seg på traktorvogna og putra ut etter vegen. Det var litt flaut å arbeide slik seine søndagskveldar midt i Selje sentrum.

Soknepresten i Selje den tida heitte Nils Eidem. Han konfirmerte meg i 1958. Prestefamilien budde i Prestegarden, og var næraste grannane til paktaren. Han “PrestePer” som vi kjende best av borna, var eldst og hadde tre systre. Presten var ikkje av dei mest praktiske vil eg tru. Han stræva felt for å ta bilsertifikat medan han var i Selje, og han vart ikkje av dei flinkaste sjåførar. Når han smurte bilen sin med fettpresse - for det måtte ein gjera med bilar då - køyrde han fronten opp den bratte skråninga til jordkjellaren for å kome til under bilen. Praktisk nok det.

Wald Drageseth var den sterke mann i Selje på denne tid. Han var vel den enkeltperson som i nyare tid fekk mest å seie for utviklinga i Selje. Han har æra for alle arbeidsplassane på Skjortefabrikken og på Selje Bruk, som vart etablert i 1961. Seinare bygde han også Selje hotel. Wald var formann i prestegardstilsynet og fekk alltid gjennom sine planer som gjaldt areal på Prestegarden. Han sette seg gjerne i bilen om kvelden og reiste til Oslo for å ordne det mest nødvendige. Han var raskt attende med dei nødvendige fullmakter. Han kjende departement og direktorat som sitt eige skrivebord. Det han tok seg føre skjodde fort og utan for mange lokale dikkedarer. “Bagatellane” vart om mogeleg ordna i ettertid. Det var ingen då som fann å motseie han Wald når han sette seg noko fore.

Far si kontrakt om forpaking av Selje Prestegard var visst nok inngått for 4 år. Etter den tid fekk han fortsette utan kontrakt. I tillegg til grønsakdyrking var det hønseri i fjøset, og nokre melkekyr. For far var det midt i blinken å kunne produsere landbruksprodukt sentralt i ei bygd i vekst. Med leveringsavtaler til forretningar i og utanfor bygda, og i tillegg selge direkte frå åker og fjøs til forbrukar som kom forbi.

Ein dag våren 1964 fekk han varsel om at Prestelada skulle rivast og at han måtte vere ute om kort tid. Det passa seg nemleg slik at han Wald hadde arbeidsfolk som vart ledige og måtte sysselsettast !

Då vart han Lars vred. Han tok for seg han Wald på veien ein dag og fortalde kva han meinte om det som føregjekk. - Det var ikkje mange ganger far overreagerte - men kanhende denne gangen ?? Han Lars var ein respektert mann innan kommunalt styre og stell, og elles lytta gjerne folk til det han hadde å seia om saker og ting. Vanlegvis svært folkeleg og diplomatisk av seg. Denne gangen fekk han Wald høyre og sjå ein annan Lars. Kona Klara fortalde etterpå kor tungt han Wald tok den breisida som far fyrde av, og ho bad mest om orsaking på Wald sine vegne for den framgangsmåte han nytta. Wald beklaga sjølv sagt aldri noko, og avgjerda om riving til fastsett tid stod ved lag. Truleg var dette klarert og lovleg, men lokal utøving av “makta” var lite demokratisk og folkeleg. Det vart hektiske dagar og veker for å avvikle fjøsstell og rydde ut eigendeler. Men det gjekk.

Planlegging av vårarbeidet stoppa og alt var slutt. Vi var svært opprørte over dette den næraste ettertid.

Den store dominerande låvebygningen, bygningen i prestegardstunet, vart riven og tomte planert. Det var Henrik og Jon Listhaug som var Wald sine arbeidsfolk i denne jobben. (Eg vonar dei lite lika å måtte ta dette oppdraget).

For å få fram ny og tidsmessig veg til Nabben måtte både Prestelada og jordkjellaren sanerast.

Ville begge i dag vorte verna?

Forpaktarepoken til Lestoane vart kortvarig og enda dramatisk.

Vi var mellom dei aktørane den gangen som negativt merka at utvikling og velstand var på veg til Selje.

Vi fekk nok smake litt av dei same kjensler som brende så sterkt i han Gamle Ola på Lesto i 1958 - dette å måtte gje tapt for ny utvikling. Likevel ser vi attende på desse åra med stor glede og som viktige år for heile familien.

På beste grønsakjorda bygde så Wald sitt prektige hus med stor hage. Selje Helsehus vart oppført lenger ute. I mange år vart Saga-båtar i 1000 talls - lagra over vinteren på resten av åkerlandet, fram til Selje Hotel vart bygd der i 1975.

1958 er for meg blitt det årstalet eg ofte brukar som utgangspunkt for å tidfeste opplevde hendingar og viktige milepelar i min oppvekst.

Far tok jobb for Måløy Meieri som fjøskontrollør i Selje. Han reiste fyrste tida på mopeden - kommuna til ende. Sumar som vinter drog han rundt for å ta melkeprøvar.

I 1965 tok han sertifikat som 57 åring, og kjøpte folkevogn .

... **E**in heilt ny epoke hadde starta.